

Sak 28/22 INNSPEL TIL HØYRING OM ENDRING I ARBEIDSMILJØLOVA - ENDRING I REGELVERK FOR INN- OG UT LEIGE FRÅ BEMANNINGSFORETAK.

Saksopplysning:

Regjeringa går inn for eit forbod mot innleige frå bemanningsforetak på byggeplassar i Oslo, Viken og tidligare Vestfold. I tillegg er det fremja forslag om fleire generelle endringar i innleigereglane i arbeidsmiljølova som vil gjelde alle verksemder og heile landet

På «Regjeringen.no» er følgjande innstrammingar skissert:

- *Forskriftsfestet forbud mot innleie fra bemanningsforetak på byggeplasser i Oslo, Viken og tidligere Vestfold*
- *Oppheve adgangen til innleie ved arbeid av midlertidig karakter*
- *Gi innleide flere rettigheter, som for eksempel utvide retten til å bli fast ansatt etter en viss tid som innleid til å gjelde flere tilfeller, og korte ned tiden før rettigheten inntreffer*
- *Innfører en godkjeningsordning som kvitter oss med de bemanningsforetakene som driver useriøst*
- *Tydeliggjøre grensen mellom innleie og entrepriser. Innstramminger av innleieregler kan innebære økt risiko for omgørelser der innleie betegnes som entrepris eller bemanningsentrepriser, og loven bør derfor tydeliggjøres*
- *Det inviteres også til å vurdere andre tiltak som vil begrense adgangen til bruk av innleie.*

I denne saka blir Regionrådet invitert til å gje ei høyringsuttale som går på forbodet mot innleige frå bemanningforetak for byggebransjen i det såkalla Oslområdet. Dette vil ikkje omfatte høyring på generelle endringar som gjeld alle verksemder og heile landet.

Vurdering:

Det finnes eksempel på useriøse aktørar i byggebransjen og det er difor gode grunnar til at desse innstrammingsane blir foreslått. Dette er tiltak som skal sikre eit trygt og seriøst arbeidsliv som kjem både arbeidstakarar og kundar til gode. Dagleg leiar meiner likevel at det er stor forskjell på Oslo og Hallingdal og at det kan få alvorlege konsekvensar for deler av byggenæringa om Hallingdal skulle bli plassert i same geografiske område som Oslo.

I Hallingdal er det fleire bedrifter som blir råka om dette vedtaket blir vedteke. Det dreiar seg stort sett om lokale bedrifter som konkurrerer om å vinne anbod på relativt store lokale prosjekt, både offentleg og privat, samt underleverandørar på til dømes elektro eller VVS. Dette er firma som har ei fast grunnbemanning, og som kan delta lokale, store anbodsrundar fordi det er mogeleg å auke bemanninga ved å leige ekstra mannskap frå bemanningsbyrå. Om dette lovforslaget blir vedtatt kan ikkje byggenæringa i det aktuelle geografiske området leige inn folk frå bemanningsbyrå, men det vil fortsatt vera mogeleg å styrke bemanninga ved å samarbeide med andre bedrifter eller leige inn handtverkarar som driv for seg sjølv. Dette vil føre til at bedriftene mistar den fleksibiliteten ein har i dag, og at ein ikkje vil vera i stand til å delta i større anbodskonkurransar. Her i Hallingdal vil resultatet kunne bli at lokale firma ikkje vil vera i stand til å konkurrere om lokale kontraktar. Desse kontraktane vil då gå til firma i Oslo/Viken som er så store at dei kan ta det utan innleige, eller til firma i for eksempel Valdres der ein ikkje har det same forbodet mot innleige. Den konsekvensen kan ikkje ha vore meininga med innstrammingsforslaget.

Me ønskjer dei useriøse aktørane til livs, men det kan skje utan geografiske forbodssoner. Eit tiltak er å berre leige inn folk frå nokre få prekvalifiserte utleigefirma. Eit anna tiltak er å styrke dei allereie eksisterande seriøsitetsreglar for byggebransjen og handhevinga av desse.

Forslag til høyringsuttale

Regionrådet for Hallingdal støttar regjeringa sin intensjon om eit tryggare og meir seriøst arbeidsliv, der faste tilsetningar er hovudregelen. Regionrådet støttar også tiltak for å få bort dei useriøse aktørane i arbeidslivet, og meiner dette kan gjerast ved å innføre ei godkjenningssordning eller ein prekvalifisering av firma som leiger ut folk til byggebransjen. Eit anna tiltak er å styrke dei allereie eksisterande seriøsitetsreglar for byggebransjen og handhevinga av desse.

Regionrådet for Hallingdal ønskjer ikkje ein eit totalforbod mot innleige av arbeidskraft frå bemanningsforetak i Oslo, Viken og Vestfold. Det er to årsaker til dette:

- Dei bedriftene som er relevante i denne saka, har eit stort behov for fleksibilitet for å klare å handtere ei svært varierende oppdragsmengde. I Hallingdal er oppdragsmengda både konjunkturavhengig og sesongavhengig. I tillegg er bransjen basert på anbod og difor vil ein i periodar ha mange oppdrag, mens ein i periodar vil ha mindre å gjera. Det dreier seg stort sett om lokale bedrifter som konkurrerer om å vinne anbod på relativt store prosjekt, både privat og offentleg, samt underleverandørar på til dømes elektro eller VVS. Dette er firma som har ei fast grunnbemanning, og som kan delta lokale, store anbodsrunder fordi det er mogeleg å auke bemanninga ved å leige ekstra mannskap frå bemanningsbyrå. Om dette lovforslaget blir vedtatt vil byggenæringa miste den fleksibiliteten som ein har i dag, og ein vil ikkje vera i stand til å delta i større anbodskonkurransar. Dette vil råke byggenæringa i Hallingdal, den regionen i Viken med den lågaste veksten i næringslivet og vera konkurransevridande.
- Oslo, Viken og Hallingdal er ikkje ein geografisk arbeidsregion, og Hallingdal har ikkje dei same utfordringane knytt til byggebransjen som Oslo og sentrale Viken. Ulike utfordringar krev ulike tiltak og ein bør ikkje innføre tiltak som baserar seg på kva fylke ein høyrer til. Det er ikkje noko som tyder på at byggebransjen i Hallingdal er meir seriøse eller useriøse enn den er i Valdres eller på Vestlandet. Eit totalforbod mot innleige i Viken kan resultere i byggfirma i våre nabo-kommunar i Valdres og i Vestland kan konkurrera om oppdraga i Hallingdal fordi regelverket der blir eit anna. Dette kan ikkje vera intensjonen i forslaget.

Hallingdal, 22. mars 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar